

Grunneiere/rettighetshavere

Vår dato: 18.07.2024

Vår ref.: 202207831-43 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Saksbehandler:

Rune Sakariassen

runs@nve.no /22 95 92 68

NVE har gjeve konsesjonsløyve og samtykke til oreigning til Onarheim og Øyra transformatorstasjon

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har i dag fatta vedtak om å gje Statnett SF og Fagne AS anleggskonsesjon og oreigningsløyve til å byggje og drive høvesvis Onarheim transformatorstasjon og Øyra transformatorstasjon i Kvinnherad kommune i Vestland fylke.

Bakgrunnen for vedtaket skyldast manglande funksjonalitet og teknisk tilstand i eksisterande Husnes transformatorstasjon, samt ei forventa auke i last i underliggende nett. Denne auka i regionalnettet krevjar meir transformorkapasitet og økt forsyningsikkerheit. Bygginga av stasjonane vil leggja til rette for ei framtidsretta utvikling av kraftnettet. NVE meiner tiltaka er naudsynt, og at ulempene ved tiltaka kan bøtast på ein god måte.

Konsesjonsdokumentet, oreigningsløyvet og notatet "Bakgrunn for vedtak" av i dag og kart som synar tiltaka er tilgjengelege på www.nve.no/8819/A (Onarheim) og www.nve.no/8876/A (Øyra).

Oreigningsløyvet gjeld naudsynt bruksrett i kraftleidningstraseen, riggplassar, massedeponi og åtkomstveger og eigedomsrett til tomt for transformatorstasjon og tilkommeveg.

Partsinnsyn

Forvaltningslova sine regler om partsinnsyn gjev grunneigar/rettshavar rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, gå til www.einnsyn.no, eller ta kontakt med sakshandsamar i NVE.

Klage

Du kan klage på avgjerdene, sjå orientering om rett til å klage på siste side. Eventuelle klagar vert sendt til søkar før saka vert lagt fram for Energidepartementet.

Ei klage må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om klagaren har klagerett.



Med helsing

Carsten Stig Jensen
konsesjonsansvarlig

Ingrid Myrtveit
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

Mottakarliste:

Grunneiere/rettighetshavere

Kopimottakarliste:



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 29. august 2024 eller 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.